

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** E-post

**Dato:** 12.07.2017

**Tidspunkt:** 09:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Noralv Distad	Leder	AUR
Olav Turvoll	Nestleder	VIK
Bjørg Djukastein	Medlem	VOSS
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SFFK

---

## Merknadar

---

Møtet vart gjennomført med svar på e-post.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Noralv Distad    Bjørg Djukastein    Olav Turvoll    Gunn Åmdal Mongstad

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 27/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 28/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 29/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - etablering av ny flytekai i Gudvangen		2017/2443

### **ST 27/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 12.07.2017**

##### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **ST 28/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 12.07.2017**

##### **Vedtak**

Møteprotokoll 12.07.2017 er godkjent på e-post av møtedeltakarane.

### **ST 29/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - etablering av ny flytekai i Gudvangen**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 12.07.2017**

##### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

##### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev The Fjords løyve til å etablere ny flytekai med batteribank i hamneområdet i Gudvangen. Flytekaia skal plasserast parallelt med eksisterande ferjekai, og ha landfeste på eigedommen til Olav Hylland. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Flytekaia kan vera inntil 42 meter lang, inntil 5 meter brei og 3 meter djup.
- Flytekaia skal festast i land med ein liten gangveg. Landfeste og gangvegen vil ikkje koma inn i verneområdet.
- Det skal veljast ein mørk/gråleg farge på flytekaia for at fargen for best mogleg tilpassa fargane i landskapet både sommar og vinter.
- Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet når flytekaia er etablert.
- Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan 3 år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.
- Ferdsla på fjorden og i hamneområdet skal vurderast opp mot verneføremålet. Dersom flytekaia medfører skade på verneverdiane i området som ein ikkje er kjend med på noverande tidspunkt, vil verneområdestyret vurdera om tiltakshavar må fjernar flytekaia frå fjorden.
- Tiltakshavar skal fjerna flytekaia frå verneområdet dersom den ikkje lenger er i bruk som batteribank for lading av elektriske fartøy.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar er ansvarleg for å ha naudsynt løyve etter anna lovverk før flytekaia kan etablerast.